

## Emnerapport H2015


NORAN101-F (Prisme) *Norsk språk som andrespråk*

### Emneansvarligs vurdering av gjennomføring

**Praktisk gjennomføring:** NORAN104-F er eit fjernundervisningstilbod som er 100% nettbasert. Fagstoffet er delt inn i sju syklusar som er strukturerte etter same prinsipp. Kvar syklus inneheld to ulike typar virtuelle kollokvium som det er obligatoriske å delta på (studentane er delte inn i faste grupper gjennom heile semesteret). Til kvar syklus finst det lydfile, videoførelingar, nettleksjonar, diskusjonsoppgåver (løyste saman i kollokvium) og øvingsoppgåver (løyste på eige initiativ) med tilhøyrande løysingsforslag tilgjengelege i fillageret på Mi side. Studentane har kontakt med lærar gjennom Fagforum. Fagforum er eit felles diskusjonsforum på Mi side, der ein kan leggja ut spørsmål til medstudentar og lærar, og som lærar følgjer opp omtrent dagleg.

**Strykprosent og fråfall:** Ved oppstart var det 54 studentar påmelde. Tre studentar fall av undervegs i semesteret. 4 av 51 studentar strauk på skuleeksamen (8%).

### **Karakterfordeling:**



Karakter	Kvinner	Menn	Totalt
A	2	1	3
B	8	5	13
C	16	0	16
D	10	1	11
E	4	0	4
F	4	0	4

**Studieinformasjon:** Informasjon om innhald i emnet, og om gjennomføring, har vore tilgjengeleg på EVU sine nettsider og på Mi side. Prisme-studentane får også ein e-post med viktig informasjon i god tid før oppstart. I denne e-posten vert dei mellom anna informerte om at dei bør orientera seg om studiet ved å lesa dokumentet «Generell informasjon om Prisme» som finst i fillageret å Mi side minst ei veke før oppstart. I dette dokumentet vert Prisme-studiet beskriven i heilskap med særleg vekt på organiseringa og forventningane til studentane frå vår side. Første møte er også eit virtuelt orienteringsmøte.

**Tilgang til relevant litteratur:** Pensum består hovudsakleg av bøker og utdrag frå bøker, men også nokre artiklar, som er tilgjengelege på Mi side.

### Faglærers vurdering av rammevilkårene

**Lokale og undervisningsutstyr:** Emnet er 100% nettbasert. Mi side og Kark fungerer etter føremålet. Men det kan leggjast til at det kunne vore føremålstenleg med ein læringsplattform som både kunne fungera som fillager, vera ein arena for kommunikasjon mellom student-student og student-lærar, og som også hadde tekstkommenteringsfunksjon (som Kark, der fleire kan arbeida på same dokument samstundes).

**Andre forhold:** På dette emnet er det obligatorisk med oppmøte (minst 75%) på kollokvia som vert halden på gruppeforuma i Mi side kvar onsdag mellom 19 og 21. Ingen studentar har vore i fare for å få for låg oppmøteprosent (unnateke eit par som fall frå tidleg i semesteret).

### Faglærers kommentar til student-evaluering(e)

29 av 51 studentar svara på evalueringsspørsmåla som vart lagt ut på Mi side siste undervisningsveka. Evalueringa vart lagt inn som ein frivillig del av det siste obligatoriske nettmøte, men på grunn av teknisk svikt, fekk ikkje alle gruppene fullført nettmøtet. Studentane vart i etterkant oppmoda om å delta i evalueringa.

Nedanfor vert studentresponsane kort kommenterte.

1. Hvordan fikk du vite om Prismestudiet?

19 av studentane svarar gjennom arbeidsplassen eller kollegaer  
1 student nemner eksplisitt annonsen i Utdanning (magasinet til Utdanningsforbundet)

Dei resterande viser stort sett til søk på nettet som førte dei fram til informasjon om Prisme (m.a. også Vox sine nettsider).

2. Tar du studiet som en del av Kompetanse for kvalitet?

Ja: **9**

Nei: **20**

3. Dersom nei, hvem finansierer studiet ditt?

Arbeidsiver/arbeidsplass: **7**

Du selv: **15**

(dei som ikkje har svara her, har alle svara nei på spørsmål 2 over).

4. Har du erfaring med å undervise i norsk språk til personer som ikke har norsk som morsmål? (Du kan eventuelt sette flere kryss.)

Ja, i egne undervisningstilbud for disse: **13**

Ja, som del av den ordinære norskundervisningen: **5**

Nei: **5**

I tillegg har **6** studentar kryssa av for erfaring både frå egne undervisningstilbud og som del av ordinær norskundervisning.

5. Hvis du underviser i norsk som andrespråk, hvilke skoleslag underviser du i (sett kryss):

Grunnskolen: **6**

Videregående: **2**

Voksenopplæring: **11**

Norskkurs i regi av andre institusjoner: **3**

**9** har ikkje svara og fleire av kryssa av på to kategoriar, men det gjeld ikkje dei som kryssar av for vidaregåande.

6. Har du studert noen av disse fagene før? Sett kryss.

Her har fleire kryssa av i fleire kategoriar – talet på kryss i kvar kategori:

Forprøve i lingvistikk/språk: **10**

Norsk i lærerutdanninga: **9**

Faget norsk/nordisk: **4**

Andre språkfag: **23**

7. Hva synes du har fungert best på NORAN101-F nå i høst?

Her er det gjennomgåande organiseringa av studiet som kjem best ut inkludert ressursane som er tilgjengelege på Mi side. Deretter trekk studentane fram kollokvia som det som fungerer best. Fleire nemner også oppfølging frå lærar.

8. Hva synes du har fungert dårligst på NORAN101-F nå i høst?

Det er vanskeleg å trekkja ut noko generelt her fordi studentane nemner svært ulike moment, og dels er det uttrykk for ulike preferansar. Men noko som er gjennomgåande, er at fleire føler at dei har fått for lite tid på seg til å skrive oppgåveutkasta, og at syklusane vert for korte.

9. Hva synes du om den generelle informasjonen som dere har fått på NORAN101-F? Har du noen konkrete forslag til eventuelle forbedringer (informasjon som har manglet, informasjon som burde vært klarere, osv.)?

Eit stort fleirtal er nøgde med informasjonen, men nokre peikar på manglande informasjon om lokal eksamen som eit problem.

10. Hva synes du om arbeidsmengden på NORAN101-F? Har du noen konkrete forslag til eventuelle endringer av arbeidsmengde?

Alle syns at studiet er svært arbeidskrevjande, men det svært delte synspunkt på om dette er eit problem eller ikkje. Berre to konkrete framlegg til endring i pensum (kutting).

11. Hva synes du om det skriftlige pedagogiske materialet (syklusinstrukser med nettleksjoner, oppgaver, løsningsforslag og lærerrapporter) på NORAN101-F? Har du noen konkrete forslag til eventuelle forbedringer?

Studentane gir alle svært gode tilbakemeldingar på dette, og særleg vert Ann-Kristin Molde (den som stort sett også har vore faglærar) sin støttetekst trekt fram som nyttig.

12. Hva synes du om det audiovisuelle materialet (lydfiler pluss eldre tilgjengelige videoer) på NORAN101-F? Har du noen konkrete forslag til eventuelle forbedringer (noe som bør fjernes, legges til osv.)?

Dette er studentane godt nøgde med – det er litt fleire studentar som likar lydfilene betre enn videoane, som fleire påpeikar *er* gamle.

13. Hva synes du om gjennomføringen av kollokviegruppene på NORAN101-F? Har du

noen konkrete forslag til eventuelle forbedringer i opplegget?

Alle utan 1 student likte denne forma for samarbeid, nokre innspel på konkrete endringar, som til dømes færre oppgåver.

14. Hva synes du om måten arbeidet med den individuelle oppgaven er organisert på innenfor NORAN101-F med tilbakemeldinger fra studenter først og deretter fra faglærer? Har du noen konkrete forslag til eventuelle forbedringer i opplegget?

Jamt over har dette vore ein måte å jobba på som studentane syns er nyttig. Men det nokre som har vore misnøgde med at lærarkommentarane vart somme tider forseinka (dette var altså pga. sjukdom, og det var studentane orienterte om), nokon syns også at fristane var for korte og at det har vore litt «skummelt» å dela tekst med medstudentar på eit tidleg steg i oppgåveskrivingar. Men denne gongen er et ingen om føreslår at ein ikkje skal ha ein rune først der medstudentane kommenterer kvarandre sine førsteutkast.

15. Hva er din vurdering av nytten av det at studenter kommenterer hverandres tekster i responskollokvien? Har du noen konkrete forslag til hva de som jobber på emnet, kan gjøre for at studentenes tekstkommentering kan bli enda bedre?

Alle utan tre studentar meiner dette er nyttig og har noko føre seg. Men fleire syns det er litt krevjande å kommentera andre sine førsteutkast.

16. Hva synes du om gjennomføringen av Fagforum (spørsmål og kommentarer fra både studenter og faglærere) på NORAN101-F? Har du noen konkrete forslag til eventuelle forbedringer?

**21** svarar positivt, men fleire utan svært stor begeistring. Fleire av desse 21 seier også at dei ikkje har delteke aktivt sjølv, men har hatt utbyte av å lesa spørsmål og svar frå medstudentar og faglærar. Dei resterande syns at ikkje at Fagforum har vore særleg viktig i det heile.

17. Hvor mye har du jobbet med NORAN101-F i uken gjennomsnittlig i uken, inkludert tiden på kollokvien?

0–5 timer: **1**

5–10 timer: **10**

10–15 timer: **7**

15–20 timer: **11**

18. Til alle studenter: Vil du anbefale NORAN101-F (Prisme-studiet) til andre? Begrunn svaret ditt. Svaralternativer (der 1 er laveste og 5 er høyeste skåre):

**Gjennomsnittskåre er 3,9.**

19. Diverse: Her kan du skrive inn andre kommentarer og synspunkter du ønsker å formidle.

Det som kjem fram her har stort sett vore kommentert før. Det kjem fram at studiet har vore opplevd om nyttig. Det som ikkje er nemnd før, men som blir nemnd av to studentar, er at ein meiner kursavgifta er for høg. Ein student meiner også at den rettleidde oppgåve bør telja like mykje som skuleeksamen.

## **Emneansvarligs samlede vurdering, inkl. forslag til forbedringstiltak:**

Studentane som har delteke i evalueringa er jamt over svært positive til studiet. Det må seiast at dette semesteret er studentane ganske enkelt veldig godt nøgde med opplegget, og meir nøgde med NORAN101-F enn det studentar har vore tidlegare semester. NORAN101-F er i essens eit grammatikk-kurs, som svært mange av studentane i tidlegare semester har syns har vore for tøft. Dette har å gjera med pensumboka, Hagens grammatikkbok, som me er klar over at ligg over 100-nivå. Dette har vore ei utfordring fagmiljøet har drøfta over tid, også i samråd med programsensor. Fagmiljøet og programsensor har vore samde om å ikkje byta ut Hagens grammatikkbok fordi det ikkje finst eit godt alternativ. Løysinga vart å utvikla ein pedagogisk tekst som kunne fungera som ei støtte til lesinga av pensumboka. Denne støtteteksten har Ann-Kristin Molde utvikla. Me tolkar «mangelen» frå klager på «altfor krevjande og utilgjengeleg» pensum, som eit uttrykk for at dette tiltaket har fungert etter siktemålet. Det er også fleire studentar som gjennom semesteret på Fagforum, og i denne evalueringa, som har gitt eksplisitt uttrykk for at støtteteksten har vore til stor nytte i arbeidet med *Norsk grammatikk for andrespråklærere* av Jon Erik Hagen (2002).

Fleire av dei punkta som studentane påpeikar som problematiske, er me kjende me frå tidlegare evalueringar, til dømes manglande oppdatering av det audiovisuelle materialet, svært liten toleranse i denne studentgruppa for uklare beskjedar (stiller store krav til informasjonsflyten). Me legg særleg merke til tilbakemeldingane på sjølve oppgaveskrivingsprosessen, og vil sjå om det er mogleg å gjera nokre endringar der.

26. januar 2016, Ann-Kristin Helland Gujord